

Omframnt årsmøte Voss idrottsråd. Tysdag 08.04.2014 kl 19:00 på Voss vidaregåande skule avdeling Vatle.

Protokoll

Frammøtte representantar: Inge Arild Lirhus Bulken IL/ styret, Randi Knapstad Bjørgum IL/ styret, Gunn Berit Lunde Aarvik Bulken II (Hordaland idrettskrets), Terje Græe Voss motorsport klubb/ styret, Nils Een Voss Cykleklubb/ styret, Ingvild Knapstad Bidne FBK Voss, Heidi Olsen Nedkvitne Ørnar/ styret, Bent Kvamme Voss IL, Arvid Birkeland Valnemnda, Jorunn Lødemel Valnemnda.

Heidi Olsen Nedkvitne opna møtet med å ynskja velkommen.

Konstituering av møtet:

Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste.

Heidi Vart valt til møteleiar, Terje Græe valt til å før protokoll, Gunn Berit Lunde Aarvik og Bent Kvamme vart valt til å skriva under protokollen.

Val av leiar til idrettsrådet:

Arvid Birkeland orienterte om arbeidet i valnemnda, arbeidet har vore krøvande og det har teke mykje tid. Jorunn Lødemel supplerte med å informera om samtalar med Erik Blindheim som ny kandidat til leiar. Han ynskjer ein flat organisasjon der oppgåver vert delegerte til andre i styret, han ynskjer vidare eit møte der både gamle og nye styret er samla.

Erik Blindheim vart einstemmig valt til leiar i Voss idrottsråd.

Med bakgrunn i vedtak gjort i det ordinære årsmøtet i idrottsrådet trer no det nye styret i funksjon.

Leiar	Eirik Blindheim	valt 2014
Nestleiar	Nils Een	valt til nestleiar 2014
Styremedlem	Bent Kvamme	valt 2014
Styremedlem	Terje Græe	ikkje på val
Styremedlem	Inge Arild Lirhus	ikkje på val
Styremedlem	Ingvild Knapstad Bidne	valt 2014
1. vara	Borghild Haugo Ure	valt 2014
2. vara	Gunn Marit Bergstrøm	valt 2014

Gunn Berit Lunde Aarvik helsa frå Hordaland idrettskrets og sa at det er gjeve unntak frå lova § 5.2 om kjønnsfordeling for eit år.

Underskrifter:



Gunn Berit Lunde Aarvik



Bent Kvamme